

Handlingsplan for Hardangerkoret – 2022

Framlegg til årsmøte, 2/4-2022

1. Organisering og rekruttering:

-Hardangerkoret er medlem av Norges kirkesangforbund. Ved å vere organisert i ein kororganisasjon, står koret i ein større samanheng, og kjem også inn under særavtalar som kororganisasjonar har når det gjeld TONO, momskompensasjon med meir.

-Hardangerkoret vil samarbeide med Haugetun Folkehøgskule og med andre folkehøgskular som kursarrangørar for korhelgene, dersom mogeleg.

-Hardangerkoret vil framleis rekruttere nye songarar til koret, og sender invitasjon og info om koret både her regionalt til kommunane i Hardanger, til Voss og omegn- og også ut til heile Bjørgvin via Bjørgvin Kyrkjesangforbund.

2. Økonomi

-Hardangerkoret må leite etter nye løysingar som kan kompensere for bortfallet av kortkursordninga via folkehøgskulesystemet.

-Hardangerkoret vil søkje om stønad frå Hardangerrådet, Sparebanken Vest og andre.

-Koret skal vidare gjere ein innsats for å finne andre støtteordningar, ulike sponsorar, og ein hovudsponsor.

-Koret vil søkje på Aktivitetsmidlar for kor, kulturmidlar og sponsormidlar lokalt der konserten vert arrangert, med meir. Og koret skal leggje vinn på å finne sponsorar til konsertannonsene.

3. Kurs

I 2022 arrangerer Hardangerkoret 4 opne korseminar; 1-3.april, 10-12.juni, 26-28.oktober og 16-18.desember. Grunna Covid-19 måtte Hardangerkoret diverre avlyse planlagd konserthelg i januar.

Fast instruktør for koret og på kursa er Per Oddvar Hildre.

4. Konsertar

3.april: konsertprosjektet «Songen vaknar» saman med musikarane Ole Amund Gjersvik-bass, Arild B.Nielsen- trompet og Per Arild Skorgen-piano. Solist Ragna Helene Soldal. Konsert i Biskopshavn kirke og i Skjold kirke.

12.juni: Enkel allsongkonsert på Lofthus?

17 og 18.desember: Julekonsertar

Arbeide for medverknad i høve viktige markeringar i Hardanger og ved festivalar.

Arbeide for konsertprosjekt festspela eller andre festivalar 2023 eller 2024.

5. Korturar

I korvedtektene frå stiftinga 2008, heiter det mellom anna at:

www.hardangerkoret.no

Handlingsplan for Hardangerkoret – 2022

Framlegg til årsmøte, 2/4-2022

”Koret vil profilere Hardanger med konsertar både i og utanfor regionen.”

Førebels har koret vore aktivt i Hardanger, Voss, Bergen og nær omegn.

I 2016 hadde koret ein flott kortur til New Orleans.

Og i 2018 gjekk turen til Europa, nærare bestemt Ørsta, Spjelkavik og Volda

Sommaren 2019 deltok ei gruppe frå koret på Olavsdagene i fellesprosjekt.

10års-jubileumsturen 2019, gjekk til Roma 13.-17.oktober.

Arbeide for kortur i 2023 eller lenger fram.

6. Web-side

Hardangerkoret har si eiga web-side: www.hardangerkoret.no . Vi ønskjer å bruke denne sida aktivt, slik at ho kan vere ein viktig arena for koret. Notar og andre fellesdokument vert lagra på Dropbox.

Det er også oppretta ei Facebookside for Hardangerkoret. Og det er oppretta ei lukka Facebookgruppe til internt bruk.

7. Logo

Hardangerkoret brukar kunstnaren Arne Bakke Mælen sitt tresnitt ”Korferd i Hardanger” som logo.



HARDANGERKORET